

fra dimensjon i musikken. Det er så avgjort andre klanger og fargar enn du elles finn i hardingfela. Klanger og fargar som publikum fekk oppleve i Osasalen, presentert av tre førsteklasses musikarar. I bruremarsj etter Ola Mossefinn, i slåtten Storevetle Per frå Sogn, i irske Buffy-flow and Spike og i Myllargutens bruremarsj i eige arrangement. Mellom anna. Alt krydra med underhaldande småprat både musikarar i mellom, og frå musikarar til publikum.

NYE KLANGAR: Det vart gamalt på ein ny måte då den hårete trioen Gamaltnymalt heldt konsert i Osasalen onsdag.

Interessant

På fremste rad i Osasalen sit spelemann Leif Rygg. Som er svært imponert over det Gamaltnymalt leverer.

— Det var ein flott konsert, slår han fast når ekstranummeret er over og den hårete trioen har gått av scena.

— Det er moro å høyra slike ar-

rangement på hardingfelelåtår når dei vert så godt gjennomførte. Det er topp spelemenn, alle tre.

Sjølv har Rygg aldri spelt hardingfele med fem strengar, men han tykkjer det er kjekt å lytta til desse instrumenta som både er og ikkje er hardingfeleer.

— Det er veldig interessant å høyra, nikkar han.

For Gamaltnymalt er konserten på Voss ein i ei rekkje konsertar denne månaden. Turneen vart avslutta på Valle torsdag, og denne helga er det Spelemannsprisutdeling i Oslo. Trioen er nominert i kategorien folkemusikk/gamaldans. I følgje Moldestad tenkjer ikkje trioen så mykje på siger.

— Men det er ei ære å bli nominert, understrekar ho.

RAGNHILD D. OLSEN | tekst og foto
ro@avisa-hordaland.no

For oss som elsker London



- **Jostein Pedersen: En nordmann i London**
- **Schibsted**

Litteratur

«Når ein mann er trøyt av London, er han trøyt av livet», har Samuel Johnson skrivne. No er NRK-frilansaren Jostein Pedersen ute med ein ny hyllest til denne fascinerande byen.

Pedersen har mykje til felles med Richard Hermann, vår tidlegare London-korrespondent som har skrivne glitrande bøker om London. Det Hermann og Pedersen utvilsamt har felles, er kjærleiken til storbyen knappe to timars flyreise frå

Bergen. Derimot synest eg Hermann framleis ligg eit hestehovud framføre sin yngre kollega som forfattar, utan at Pedersen treng å vera dårleg forfattar for det!

For Jostein Pedersen har skrivne ei bok som er artig med masse interessante historier. Han har budd i London sidan 1996, kjenner byen ut og inn, og har mykje å fortelja. Kanskje så mykje at boka er litt for speka med fakta, slik at det vert i tyngste laget å fordøya undervegs. Men for all del – er du glad i London, er dette ei bok du vil setja pris på.

Kven av oss som elsker London kjenner seg ikkje att i dette:

«Forandringen skjer i det øyeblikket flyet treffer rullebanen. Hjertet begynner å slå i en annen rytme. Blodet fosser gjennom årene i en annen fart. Øyet ser med et annet blikk. Hjernen er innstilt på å fordøye uventede hendelser og inn-

trykk. Det må være lukten av London. Lukten av adrenalin.»

Sjølvsagt er det eit minus at Pedersen ikkje er interessert i fotball. Han har likevel artige betraktningar når han touchar innom temaet.

«West Ham-publikummet i Londons arbeiderstrøk oppfører seg ikke slik som Chelsea-publikummet fra den mer velstående bydelen. (...) For den jevne Chelsea-tilhenger er kampen snakk om adspredelse og sport, for den jevne West Ham-tilhenger står mye mer på spill, klassestolthet og tradisjoner, i tillegg til det rent sportslige.»

Mykje kan elles samanfatast i Pedersen sitt forord:

«Denne boken er en kjærlighetserklæring til London og de som bor i byen. Og til de som besøker den. Vi har alle vårt London»

GEIR GEITLE | tekst
gg@avisa-hordaland.no

Musikalsk vellyd frå Os



- **Tone Lise Moberg: Looking on**
- **NORCD**

Musikk

Osingen Tone Lise Moberg har stort sett valt gamle standardlåtar for debutalbumet «Looking on». Men ho gjer sine eigne tolkingar av dei gamle jazzviskene, og ho gjer det med stil. Med Eivind Austad (piano, synth), Snorre Færstad (trompet), Torbjørn Hillersøy (trommer) og Stein Inge Brækhus (trommer) å på laget, har «Looking on» først og fremst vorte ein estetisk godbit. Moberg står for mesteparten av arrangementa sjølv, og to av dei ni spora («Sunwater» og «Come with me») har ho i tilleg laga.

Men elles finn du swisker som «Bye, bye blackbird», «Tea for two» og «Chan's song».

Moberg sin stil er dempa, ho er tilbakehalden med effektane og prøver heller å gje kvar frasering og kvart tekstelement særpreg og innhald. Stort sett lukkast ho med dette, sjølv om til tider kanskje kunne ynskja at ho sparka litt hardare frå.

Det er Karl Seglem og plateselskapet NORCD som står bak utgjevinga, og musikaren Reidar Skår står ansvarleg for mixen – som er heilt utan plett og lyte. Innspelninga er gjort i Stein Inge Brækhus sitt studio «Breakehouse Studio».

NILS KVAMSDAL | tekst
nk@avisa-hordaland.no